

**Atle Hansen som bur på Stord er både visesongar, låtskrivar og forfattar. I denne månaden står forfattarskapen hans i fokus på skulen i Uskedalen og 16. mai (kommande onsdag) kjem han hit. Naturleg nok skal han både lesa, syngja og spela. Bibliotek og lesing er ein del av satsingsområdet til skulen og det er med og motiverar elevane, seier rektor Marie Elisabeth Kaldestad til uskedalen.no**

Dei 4 fyrste klassane les den nye boka til Hansen som heiter Amanda sin medisin. Mellomtrinnet skal lesa spenningsbøker han har laga for dette alderssteget. Elevane kjem nok til å stilla mange spørsmål til han i dei 2 timane han er her.

Hansen har vore her før. men då song han i Dønhaugkjedlaren. Då var det fyrste gong han spela åleine etter å ha vore i band, trioar og duoar i mange år.og han fekk ei god mottaking i ein atmosfære som passa visene hans.

Allereie på slutten av sekstitallet debuterte han på Moster som vokalist og i 1970 flytta han til Stord. Då begynte han og å laga melodiar og vart etter kvart ein sentral mann i viserørsla, også på landsbasis.

Først i 1997 dedbuterte han som forfattar og har seinare gjeve ut meir enn 10 bøker, dei fleste for barn. Han har også vore med i fleire antologiar. Hansen er representert i fleire skuleverk og ei novelle er gjeve ut på alle skandinaviske språk. Han har vore og er ei viktig inspirasjonskjelde på fleire område.

Av Ola Matti Mathisen